

Den årlege museumsdagen på Bygdetunet Rød er søndag 19. august. Ifjor var hovudtemaet tekstilar og strikkaplagg. I år vert det fotoutstilling med postkort frå Uskedalen.

Tiltaket vert gjennomført i samarbeid med Aud Karin Løvfall. Ho er postkortsamlar og har det meste av det som er av postkort frå bygda. Vi oppmodar likevel alle til å henta fram postkort frå skuffer og skåp. Vi vil syna utviklinga av postkort med motiv frå seint 1800 tal til våre dagar.

Det fyrste postkortet vi kjenner til i Noreg, er frå 1887. Motivet er ein skip ved Nordkapp. Postverket hadde monopol på dei fyrste brevkorta. Baksida var blank, adressesida hadde ferdigtrykt frankering og det var ikkje lov å skriva anna enn adresse på denne sida.

Med turistr trafikken på slutten av 1800 talet fekk vi den korttypen vi kjenner idag med fotografi eller teikningar. Eit postkort fortel oss noko om motivet, kven som er fotograf og kven som er utgjevar. Det er dette som skil eit postkort frå eit privat bilete.

Motiva på postkort frå Uskedalen kan vera landskap, bygningsmiljø, D/S kai og HSD båtar, friluftsliv, historiske hendingar, stemne og næringsliv. Flyfotografering tok til på 1950 talet. Etter den tid er mange av bileta flyfotokort, til dømes av Telemark Flyselskap og Widerøes Flyveselskap AS

På uskedalen.no vil vi i tida fram til museumsdagen ha ein serie med postkort. Dersom du ynskjer å ha 'ditt' postkort på nettsida, send til: uskedalen@knett.no
Hugs: Skriv det du veit om motivet

Tekst: Kristian Olav Bringedal